



# RETNINGSLINER FOR KOMMUNALE LÅN TIL NÆRINGSVERKSEMD I SOLUND KOMMUNE

**frå 20.10.2018**

Vedteke i Kommunestyret 18.10.2018

Desse retningslinene erstattar *Generelle reglar og vilkår for kommunale lån til næringsverksemد i Solund kommune*, vedtekne i Ksak 008/07 og delane om lån i *Retningsliner for kommunalt tilskot og lån til næringsverksemد*, vedtekne i Ksak 008/07

## **1. Føremål**

Utlån etter desse retningslinene skal bidra til næringsutvikling i Solund, i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande strategi for nærings- og samfunnsutvikling i Solund kommune.

Retningslinene skal tydeleggjere korleis dei avsette lånemidlane til næringsverksemد skal forvaltast i Solund kommune.

## **2. Delegert mynde og fullmakt**

Kommunestyret har delegert mynde og fullmakt til Solund formannskap til å handsame og vedta søknader om lån til næringsverksemد som skildra i desse vedtekten.

## **3. Forvaltning og administrasjon**

Den til ei kvar tid gjeldande strategi for nærings- og samfunnsutvikling i Solund kommune, med tilhøyrande handlingsplan, vert lagt til grunn som retningsgjevande for utlån av midlar til næringsverksemد.

### Administrasjon

Administrasjonen organiserer arbeidet med næringlånsakene. Heile eller delar av saksførebuinga kan løyst med innkjøp. Innkjøp må skje i tråd med gjeldande innkjøpsreglement.

Administrasjonen i Solund kommune legg fram næringslånsaker med innstilling til vedtak.

## Søknader

Kommunale næringslån kan berre tildelast på grunnlag av søknad. Kommunen, eller den dei har avtale med, skal ta imot og handsame alle søknader i søknadsportalen [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no)

Administrasjonen, eller den dei har avtale med, pliktar til ei kvar tid å syte for at oppdatert informasjon om søknadsmogeleight om næringslån er lett tilgjengeleg. Det må opplysast om målgruppe , føremålet med ordninga tildelingskriterium, kva for opplysningar som trengst i søknaden og eventuell søknadsfrist. Søkjær pliktar å setje seg inn i gjeldande vedtekter for lån til næringsverksemd i Solund i forkant av ein søknad.

Ved utrekning av kapitalbehov inngår kun reine pengeutlegg. Eigeninnsats kan ikkje inngå i støttegrunnlaget.

Søknader om næringslån vert avgjort av Formannskapet etter tilråding frå kommunen sin administrasjon ved administrasjonssjef. Tilråding skal skje på grunnlag av ei kvalitets messig vurdering av kvart einskild prosjekt.

## Tildelingsbrev

Melding om tilbod om næringslån skal vere skriftleg dokumentert, ved eit tildelingsbrev som skal sendast til søker. Tildelingsbrevet skal innehalde:

- Føremål, dvs. kva næringslånet skal nyttast til
- Lånebeløp
- Utbetalingsvilkår
- Krav til rapportering
- Informasjon om kontrolltiltak som kan verte sett i verk
- Mogelege reaksjonsformer dersom mottakar ikkje opptrer i samsvar med føresetnadane for lånet, og/eller mislegheld lånet
- Informasjon om klagerett
- Lånemottakar skal skriftleg akseptere at lånetilboden med dei vilkåra som gjeld

## Klagehandsaming

Vedtak om tildeling eller avslag på lånesøknad kan, etter at vedtaket er handsama i Formannskapet, klagast inn for ei eiga klagenemnd. I Solund er dette Kommunestyret.

## **4. Løyvingsføremål og støttetypar**

### Generelt

Næringslån skal nyttast til tiltak som aukar Solund kommune sin attraktivitet for folk og næringsliv og næringslån skal ha utløysande effekt for gjennomføringa.

Kvinner, ungdom og innvandrarar er prioriterte målgrupper ved tildeling av kommunale næringslån.

### Investeringsslån

Næringslån skal berre nyttast som ei støtte til investeringar i bygg, maskiner og utstyr.

### Beløpsgrenser

Lånebeløp må tilpassast det einskilde prosjekt. Maksimalt kan det gjevast 50% av investeringskostnaden. Maksimal lånesum per prosjekt er sett til kr 300 000,-.

## **5 Avgrensing**

Kommunale næringslån skal supplere, ikkje erstatte, andre offentlege støtteordningar for bedrifter.

Lå nemidlar kan ikkje nyttast til sanering/refinansiering av gjeld, aksjeteikning, eigenkapital, varekjøp, grunnlagsinvesteringar eller finansiering av ordinær drift av verksemder eller kommune. All støtte som ikkje er knytt til konkrete utviklingsprosjekt er sett på som driftsstøtte. I bedrifter vil dette gjelde slikt som vedlikehald og utskifting av gamalt utstyr med nytt utstyr av same type.

Det skal visast varsemd med å gje lån til nyetableringar av detaljhandel og anna serviceverksemd, som kan verke konkurransevridande.

Søknadar som vert vurdert til å ha liten grad av bedriftsutvikling/nyskapingselement vert som regel avslagne.

Støtte til enkeltbedrifter vert gjeve etter reglane for bagatellmessig støtte. Enkeltbedrifter kan ikkje ha motteke meir enn EUR 200 000 i samla offentleg støtte i løpet av dei siste tre rekneskapsåra.

## **6 Utbetaling, avdragstid, rente m.v.**

### Utbetaling

Næringslån skal vere utbetal og nytta innan eitt – 1 – år frå løvvingsdato.

### Avdrag

Om ikkje anna er nemnt i vedtak om lån er avdragstida 2 –to- år.

Maksimal avdragstid er 5 år – fem- år.

Om ikkje anna er nemnt i vedtaket skal det betalast 2 like avdrag i året, inntil lånet er nedbetalt.

Avdraga skal betalast uoppfordra, det vert ikkje sendt ut påminning.

### Rente

Det er ikkje rente på kommunale lån til næringsverksemd.

Solund kommune kan ta strafferente, som fylgjer marknadsrenta for denne type lån, dersom avdrag ikkje vert betalt til rett tid.

## **7 Andre reglar**

Er det fleire låntakarar skal dei stå solidariske for lånet.

Så lenge lånet ikkje er tilbakebetalt må ikkje låntakar selge eller flytte tiltaket eller deler av det utan at Solund kommune på førehand har gjeve løyve. Låntakar skal drive slik verksemd som var føresetnaden for lånet, dersom så ikkje skjer kan kommunen krevje restlånet innfridd straks.

Låntakar forpliktar seg til å sende inn rekneskap til kommunen, som viser korleis midlane er disponert. Tilbakemelding om bruk av midlane må gjevest innan 6 -seks- månader etter utbetaling.

Heile lånet forfall til betaling dersom lånevilkåra og standardreglane blir misleghaldne, eller låntakar på annan måte handlar i strid med dei føresetnadene som tilsegn og vilkår byggjer på. Det same gjeld dersom låntakar vesentleg forringar si formuestilling ved gåver, oppretting av ektepakt o.l., tek fast bustad utanfor Norge, innstiller betalinga, søker akkord, undergår arrest eller eksekusjon og eller at selskapet opphører.

Ved misleghald som ikkje kan sjåast på som vesentleg etter førre avsnitt, kan lånet seies opp med 6 - seks- månaders varsel. Er låntakaren eit aksjeselskap, kan lånet vidare seiast opp dersom hovudmassen av aksjane vert overdregne til andre eigarar utan løyve frå kommunen.

Kommunen kan nemne opp kontrollør som skal sjå til at arbeid, og maskiner m.v. er innkjøpt og montert i samsvar med dei godkjende planar innanfor ramma av den oppsette finansieringsplanen. Dersom godkjende planar ikkje vert følgd kan det medføre at lånet vert kravd tilbakebetalt straks.

Låntakar må for si bedrift/verksemd underkaste seg den kontroll og dei påbod som kommunen, eller den som får fullmakt, finn nødvendig. Kommunen kan krevje at dei nødvendige utgifter til slik kontroll vert dekte, heilt eller delvis av låntakar.

### **Kumulasjonsreglane**

Ordet kumulasjon betyr i denne samanheng «fri anvending» og er knytt til frihandelsavtaleverket.

Dersom kommunen går inn med næringslån er det viktig å merke seg EU regelverket om bagatellmessig støtte, implementering gjennom EØS-avtalen. Det kommunale næringslånet må sidestillast med anna bagatellmessig støtte. Det er i kvar søknad krav om at dersom støttemottakar får støtte frå meir enn ei kjelde, må støtte frå dei ulike kjeldene leggast saman (kumulerast) slik at ein ikkje kjem over den høgste tillatne støttegrensa.

Søkjar er difor pliktig til å opplyse om anna støtte som vert gjeve til det same kostnadsgrunnlaget. Dersom ny støtte skal tildelast som bagatellmessig støtte, må føretaket opplyse om kor mykje bagatellmessig støtte føretaket har fått dei siste tre år. Samla offentleg støtte får ein ved å summere tilskot og eventuelle støtteelement i lån, garantiar og andre støtteformer. Kumulasjonsreglane er å finne i kapittel 13 i ESA sine retningsliner for offentleg støtte. Dei gjeld så fremt det ikkje er spesifikke reglar i dei ulike kapitla i ESA sine retningsliner for offentleg støtte.